

Innspel til fylkeskommunen om muskarordningane (2020)

Fyrst og fremst er desse ordningane positive sett frå vårt perspektiv. Frå starten har det i S&F vore 5 fylkesmuskarstillingar, der det har vore selt tenester til kommunale musikkskular for å finansiere undervisningsdelen (40%). No finansierer fylket 25% av 5 stillingar samt ei halv fylkesmuskarstilling. Finansieringa frå fylket si side har altså gått ein del ned samla sett.

Her i S&F har nok ikkje fylkesmuskarstillingane og distriktsmuskarstillingane fungert så ulikt i praksis når ein ser vekk frå kven som har vore arbeidsgjevar. Det har vore undervisning, og konsertering i lag med dei andre fylkes-/distriktsmuskarane. I Hordaland har fylkesmuskarane hatt ansvar for arkiv. Dette ser me ikkje på som ei god løysing. Arkivfaget er eit anna enn musikkfaget og krev spesialkompetanse. Det vil soleis vera flaks om den musikaren ein tilset har slik kompetanse. Dessutan går ein glipp av bidraget til rekruttering som desse ressursane kunne ha bidrege til. Me meiner arkivarbeidet bør vera fylkeskommunalt.

Frå folkemusiklaget si side ser me på rekruttering som ei sær viktig del av arbeidet til distriktsmuskarane. Det å få dette arbeidet inn i ordna former med tilknytning til kulturskulane er bra. No er slikt arbeid ofte knytt til lokale eldsjeler, og stansar opp når desse gjer seg. Dette gjeld særleg folkedansen som me er nødt til å få inn i denne diskusjonen. Folkemusikken og -dansen er uløseleg knytt til kvarandre, og dansen fungerer også som ein port inn til spel og song for mange. Det er vanskeleg å sjå for seg at ein kommune vil engasjera ein dansar aleine, så her må ein kanskje gå for ein annan modell der fleire kommunar går saman, fylket kanskje kan bidra meir, og ein har ein større prosentandel undervisning. Det er og ein god ting å tilsetja muskarar og dansarar med ein tanke på kven som kan vera gode miljøskaparar lokalt, og skapa gode rekrutteringstilbod.

Ei ulempe med distriktsmuskarstillingane er den tronge kommuneøkonomien mange stader. Vert ressursane brukte slik dei var tenkt alle stader? Det er viktig at undervisningeprosentane som er tiltenkt folkemusikk ikkje går over i administrative oppgåver. På små stader kan det vera ei utfordring å fylla 50% undervisning på eit instrument i kulturskulen. Her treng me at kommunane er flinke til å samorganisera seg, bytta og kjøpa undervisningstenester av kvarandre. Slik kan me få tilbod på fleire instrument fleire stader, og få fyllt opp undervisningsprosentane. Det er veldig viktig å promotera tilboda godt. Nokre stader skjer diverre ikkje dette. Lokal-laga må og kunne kjøpa tenester, og dette må det og informerast godt om.

I Sunnfjord har me to distriktsmuskarar som arbeider mykje saman. Dette ser me fungerer godt. Det er ei stor styrke å ha ei lite fagmiljø. Om dette skal vera eit satsingsområde, som me håpar fylket vil at det skal, meiner me det bør vera eit mål med minst to distriktsmuskarar i kvar region (Nordfjord, Sunnfjord, Indre og Ytre Sogn, Sunnhordaland, Midthordaland, Nordhordaland, Hardanger og Voss). Me vil og gjerne dekka inn dans, vanleg fele som og er tradisjon frå Breim og nordover, og song som no berre finst tilbod om i Nordfjord (i Sogn og Fjordane).

Med helsing

Sogn og Fjordane folkemusikklag
Liv Ulvik, liv@folkemusikklaget.no, 95839015